

Til Kulturdepartementet

Oslo dep.

Høyringsvar til kulturdepartementet sitt utkast til endringar i stadnamnlova

Innleiing

Først vil eg uttrykke glede kva gjeld hovudtrekka i endringsforslaga og den auka makt som er delegert til kommunane i utkastet. Men her ønskjer eg endå sterkare delegasjon. Ingen har betre kjennskap til dei lokale stadnamna i kommunen enn kommunen sjølv. Det same gjeld lokalt målføregrunnlag og lokal namneskikk. Derfor bør det vere kommunen som fastset den offisielle skrivemåten på alle eksisterande stadnamn i kommunen bortsett frå offentlege inndelingsnamn som ved lov er lagt til .andre instansar å fastsette og eigedomsnamn der eigar har vedtaksrett for val og skrivemåte.

Fleire av kommunane manglar turvande språkleg kompetanse i høve rettskrivingsreglane.

Men denne vil Statens namneteneste kunne yte der aktuell fagkompetanse manglar.

Eg skal nedanfor koma med eksempel frå mine forvaltingsarbeid etter stadnamnlova som klart dokumentere det fornuftige i ei slik utviding av kommunane sine gjeremål og makt etter lova.

I tillegg til utvida delegasjon til kommunane, bør det skje gjennomgripande endringar i lova sine sakshandsamingsreglar. Desse bør følgje hovudreglane i forvaltingslova så langt det passar. Det vil medføre ei rasjonell kvalitetssikring av arbeida. Med det vert ansvaret for aktuelle kunngjeringsplassert der det høyrer heime. Slik er det ikkje i dagens lov, ei heller i det utkastet som er på høyring:

1. Etter forvaltingslova er det den som fremjar ei sak sitt ansvar å kunngjere dette for alle som har partsinteresse i saka og klagerett på det vedtaket som vert gjort
2. Etter forvaltingslova sine sakshandsamingsreglar er det den som gjer vedtak, som også har kunngjeringsansvaret for vedtaket.

Slik bør også stadnamnlova sine sakshandsamingsreglar vere, jf. mitt forslag til endringar av aktuelle §§ nedanfor.

Mine endringsforslag bygger på erfaring frå lang og allsidig kommunal forvaltingspraktis, her i forvalting av stadnamn generelt og i adressesamanheng spesielt. Ikkje minst erfaringane i det felles adresseprosjekt for kommunane Askvoll, Fjaler, Hyllestad og Solund i Sogn og Fjordane, der eg vart engasjert som prosjektleiar i 2015, er bakgrunnen for mine mange og dels radikale framlegg til ei meir tenleg stadnamnlov. Derfor ein kort statusrapport for prosjektet i høve stadnamnlova sitt regelverk.

I dei 4 kommunane er det kring 6000 adresseeiningar. I starten (2015) vart det utarbeidd lokale adresseforskrifter, laga framdriftsplan og kvalitetssystem for etablering av det felles adressesystemet og forvaltinga av det. Etter planen skulle prosjektet fullførast innan utgangen av 2017. Slik gjekk det ikkje. Vonleg vert prosjektet fullført i 2019.

Hovudårsak til sterkt seinka og fordyra gjennomføring av adresseprosjektet er dagens regelverk etter stadnamnlova og Kartverkets praktisering av regelverket.

(Samfunnstapet ved den seinka framdrifta av prosjktet utgjer truleg fleire Mkr.)

Etter at lokalt regelverk var på plass, vart det utarbeidd ein adresseplan, som etter offentlig høyring, vart vedteken i 2015 av formannskapa i dei 4 kommunane. Med adresseplanen på plass starta arbeidet med namnsetting av adresseparsellane. For å sikra at namnsettinga av desse var i samsvar med reglane i stadnamnlova, deltok sekretæren til Stadnamntenesta for Vestlandet i utarbeidinga av første utkast til namn. Etter kort høyring hos naudetatane vart utkastet lagt ut offentlig. Merknader til utkastet vart handsama og tilråding til politiske tilrådings- og vedtaksorgan vart gjort. (Statens namneteneste deltok i arbeidet og tilrådingane var i samsvar med hans råd.) Vedtaka vart gjort våren 2016 og kunngjort i samsvar med regelverket. Til desse kom det nokre merknader frå publikum.

Etter at vedtaka av adressenamna var gjort, melde kommunane vedtaka til Kartverket for oppdatering av SSR. Først ved desse meldingane fanga Kartverket opp aktuell informasjon om arbeida som var utført. Dei offentlege kunngjeringane av høyringsutkast og vedtak vart ikkje fanga opp av etaten!

Med bakgrunn i vedtaksmeldingane til Kartverket, bad dette kommunane Askvoll, Fjaler og Solund om å gjere endringar i ein del av namnevedtaka. Kartverket sine innspel og andre merknader til dei vedtekne namna, vart slutthandsama av kommunane hausten 2016 med tilbakemelding om kommunane sine vedtak i saka til dei som hadde sendt inn merknader. I tillegg vart vedtaka kunngjort offentlig i samsvar med regelverket. Resultatet vart at kommunane stort sett heldt fast ved dei vedtaka som var gjort. Kommunane kunngjorde så vedtaka i samsvar med regelverket. Det kom ingen klager til Klagenemnda som følgje av kunngjeringane. **Men Kartverket svarte med å reise 174 namnesaker i medhald av Stadnamnlova § 5. Berre ein mindre del av desse sakene gjaldt primærnamnet for dei vedtekne adressenamna.**

Slik sakshandsamingsreglane etter stadnamnlova er, påført Kartverket dei 3 kommunane ein ekstrakostnad på vel kr 400 000 (kunngjeringskostnader og intern ressursbruk.) ved å reise desse namnesakene. Eg går ut frå, at dersom den som reiser namnesak, må bere kunngjeringskostnadene, ville Kartverket truleg ikkje reist namnesakene i det heile sidan kommunane sine vedtak var i samsvar med Namnetenesta sine tilrådingar, alternativt hadde saksmengda vorte avgrensa til primærnamna for vedtekne adressenamn og dermed tilsvarande reduksjon av ekstrakostnadene for kommunane.

For ei av dei reiste namnesakene (skrivemåten av landskapsforma haug) nekta kommunane å gjera dei oppgåvene som kommunane er pålagt å gjera etter lova. Kommunane viste til, at kva som er rett skrivemåte av dette objektet i Sunnfjord, var avklara i NOU-en som var grunnlaget for stadnamnlova. I tillegg viste ein til at Kartverket i tidlegare adressenamnsaker frå Sunnfjord, ikkje hadde hatt innvendingar til vedteken skrivemåte (hog/hogane) for vedtekne adressenamn. (Då var namneansvarleg i Kartverket ein person fødd og oppvaksen i fylket og med gode kunnskapar om lokalt målføregrunnlag). Vidare viste ein til at vedteken skrivemåte òg var i samsvar med skrivemåten av objektet haug i stadnamnkartet i fylkesatlasen for Sunnfjordområdet og at ei samla stadnamnteneste i landet var samd i at den vedtekne skrivemåten var i samsvar med løva sitt regelverk. Vi bad derfor Kartverket trekke saka. Det vart ikkje gjort!

Til dei andre reiste namnesakene kom det inn ein god del merknader i høyringsprosessen. Merknadene stort sett var i samsvar med kommunane sin standpunkt i sakene.

Askvoll kommune gav si tilråding til Kartverket primo februar 2017 og Statens namneteneste gav si tilråding 8. og 15. juni 2017 (24 namn). Tilrådinga frå namnetenesta var heilt i samsvar med kommunens tilråding.

Fjaler kommune fullførte sakshandsaminga av dei reiste sakene (22) og gav sine råd til Kartverket des. 2016. 17. februar 2017 gav Statens namneteneste sine råd. Også her var råda heilt samanfallande med kommunens råd.

For **Solund** kommune vart det vart det reist flest saker og i fleire puljar (til saman 127 namn.) Solund kommune gav sine råd okt. 2016 og 23. august 2017 og Statens namneteneste 3. februar og 18. desember 2017. Også her var Statens namneteneste sine råd stort sett i samsvar med kommunens tilrådingar.

Trass fleire purringar direkte til namneansvarleg ved fylkeskartkontoret, purring til fylkeskartsjefen og til sentral namneteneste i Kartverket, har Kartverket ennå ikkje gjort dei vedtak i dei reiste namnesakene.

I samband med at kartverket reiste namnesakene, bad det kommunane om å utsette adresseringa for dei parsellane der Kartverket hadde reist namnesak. Askvoll og Solund har følgt oppmodinga. Men Fjaler fann det for risikabelt, og har gjennomført adressetildelinga i samsvar med kommunens vedtak sidan alle vedtaka er i samsvar med namnetenesta sine tilrådingar og ingen har klaga på vedteken skrivemåte av namna innan fristen for klage (1 år). I purring frå Askvoll kommune vart Kartverket gjort kjent med at ambulansetenesta i Førde fekk store problem med å finne fram i ei uttrykking til ei adresse som ikkje er tildelt pga. manglande vedtak i namnesak reist av Kartverket. (Kommunens adressetildelingsvedtak har lenge lege klar for utsending for vedkomande adresseparsell.) Heldigvis var ikkje det konkrete tilfellet tidskritisk, så det gjekk bra. Men oppdraget kunne det fort ha vore tidskritisk og skadeomfanget deretter!

Sakshandsaminga til Kartverket i sine reiste namnesaker i dei tre kommunane er ein stor skandale! Dette bør m.a. resultere i at makt som i dagens stadnamnlov er delegert til Kartverket, i stor mon vert delegert til kommunane i den komande revisjon av lova.

Detaljmerknader til departementet sitt høyringsutkast og mine endringsforslag

(Mine endringsforslag er skrivne i raud farge.)

Redaksjonelle endringar

Eg sluttar meg til departementet si vurdering om at det vil vere tenleg med dei redaksjonelle endringane som er innarbeidd i utkastet. Statens kartverk endra namnet til Kartverket i 2012. dette bør koma med i dei redaksjonelle endringane. I den grad departement også tek mine endringsframlegg til følgje og departementet finn det tenleg med fleire redaksjonelle endringar, reknar eg med at departementet finn gode løysingar på det.

Dei einskilde paragrafane i dagens lov og endringsframlegg

Nedanfor kjem mine merknader til den einskilde § i dagens lov og mine innspel til endringar og tilhøyrande grunngjeving.

§ 1 Formål og verkeområde

Inga endring. Sluttar meg til det.

§ 2 Definisjonar

Inga endring. Sluttar meg til det.

§ 3 Namnevernet

Ingen merknad til utkastet si endring av lovteksten. Men det vil vere rimeleg at det kjem eit tillegg om klagerett på brot av hovudregelen for namneval, jf. departementet si grunngjeving for dette.

§ 3 bør derfor lyde:

§ 3. Namnevern

Eit stadnamn kan berre takast i bruk på ein stad der det tradisjonelt ikkje høyrer heime dersom det ikkje er i bruk som verna etternamn, ikkje er eit særeige namn og heller ikkje må vernast av andre grunnar.

Eit nedervd stadnamn kan berre bytast ut med eit anna namn som har tradisjon som namn på det same namneobjektet. Unntak kan gjerast dersom særlege grunnar talar for det.

For kommunale og fylkeskommunale vedtak om namnsetjing gjeld andre ledd berre for samiske og kvenske stadnamn.

Det er klagerett etter forvaltningslova sitt regelverk på val som ikkje er i samsvar med første ledd

Departementet kan gjerne presisere i tilknytning til paragrafen, at stadnamna er ein lokal kulturarv og at kommunane derfor har eit stort ansvar for vernet av namneskatten.

§ 4 Reglar om skrivemåten

Sluttar meg til endringane og departementet si grunngjeving.

§ 5. Fastsetjing av skrivemåten

Som påpeikt tidlegare i høringsbrevet bør det skje endringar i dagens reglar. Her kjem mine forslag til revidert § 5:

Saker om skrivemåten av stadnamn kan takast opp av

- a) eit offentlig organ og andre som er nemnde i § 1 tredje ledd
- b) eigaren eller festaren i saker som gjeld namn på eige gardsbruk eller eigedom
- c) ein lokal organisasjon med særleg tilknytning til eit stadnamn
- d) stadnamnkonsulentane når det gjeld stadnamn i deira område
- e) den som reiser namnesak, skal grunngje kravet**
- f) det er klagerett for den som vert påført kostnader i reist namnesak. Slik klage er ei ordinær forvaltningsklage.**
- g) den som reiser namnesak, skal kunngjere vedtaket**
- h) det kan ikkje reisast namnesak for namn som det ligg føre tilråding frå Statens namneteneste om skrivemåten**

Kommunen vedtek skrivemåten av offisiell adresse, **gardsnamn**, **bruksnamn**, **seternamn**, **naturnamn**, namn på tettstader, grender, kommunale gater, vegar, torg, bydelar, bustadfelt, anlegg o.l.

Fylkeskommunen vedtek skrivemåten av namn på fylkeskommunale anlegg o.l.

Kartverk vedtek skrivemåten av namn på **statlege inndelingsnamn**, anlegg o.l. dersom ikkje anna er fastsett i lov eller forskrift.

Det kan gjerast samlevedtak for skriftforma av eit namneledd innanfor det same administrative området.

Er det tvil om kven som etter desse reglane skal fastsetje skrivemåten av eit stadnamn, kan spørsmålet leggjast fram for departementet til avgjerd.

Utfyllande grunngjeving til endringsframlegga

I dag er det ingen klagerett for vedtak som gjeld reising av namnesak. Ei slik sak krev ressursar av fleire instansar. Det bør derfor vere eit krav, at nytteverdien av å få avklara skrivemåten av eit stadnamn er større enn kostnadene. Det tilseier at kravet må grunngjevast.

Likeins bør den som vert påført kostnader i ei namnesak ha høve til å få overprøvd grunngjevinga. Derfor framlegget om klagerett etter forvaltingslova sitt regelverk.

Til pkt. g, sjå grunngjevinga i innleiinga til mitt høyringssvar.

Til pkt. h. Dette er eit viktig effektiviseringstiltak i forvalting av lova . Regelen hindrar samfunnet i å buka ressursar på saker der landets ekspertise på skrivemåte av stadnamn har sagt korleis denne skal vere etter reglane i lova.

Ingen har betre kjennskap til eksisterande stadnamn og namneskikk innan ein kommune enn kommunen sjølv. Derfor bør det vere kommunen og ikkje Kartverket

som fastset skrivemåten på objekta med raud farge. Dertil vil det sikre at turvande vedtak vert gjort i tide, jf. mine opplysingar under overskrifta Innleiing.

Endringsforslaget i fjerde ledd er inga realitetsendring, men ei presisering av at samordning av statleg namnsetting er Kartverket sitt ansvar der dette ansvaret ikkje ved er delegert til andre.

Å la nest siste ledd vere eit sjølvstendig ledd, er ei redaksjonell endring.

§ 6.Nærmare om saksbehandlinga (Departementet si tilråding og mine tilleggsforslag)

Når ei namnesak er teken opp av vedtaksorganet, skal vedtaksorganet gjera saka kjend for dei som har rett til å uttale seg. Eigaren eller festaren har rett til å uttale seg i saker som gjeld skrivemåten av bruksnamn. Eigaren eller festaren har òg rett til å uttale seg i saker som gjeld gardsnamn når skrivemåten av gardsnamnet skal vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamnet. Kommunane har rett til å uttale seg når vedtaket skal gjerast av andre organ enn kommunen sjølv. Fylkeskommunane har rett til å uttale seg i saker som gjeld område som femner om meir enn ein kommune. Lokale organisasjonar har rett til å uttale seg i saker som gjeld stadnamn organisasjonen har ei særleg tilknytning til. Før det blir gjort vedtak om skrivemåten, skal namnekonsulentane gi tilråding om skrivemåte, namneskikk og namnsetting. Grunneigaren kan be om å få tilråding frå namnekonsulentane i saker som gjeld namn på eige gardsbruk eller eigedom.

I saker om skrivemåten av nedervde bruksnamn har eigaren rett til å fastsetje skrivemåten dersom han kan dokumentere at den ønskete skrivemåten har vore i offentleg bruk som bruksnamn. Skrivemåten av bruksnamnet kan i desse tilfella vedtakast utan høyring etter første ledd. Vedtak om skrivemåten av gardsnamn skal i alle andre tilfelle vere retningsgivande for skrivemåten av bruksnamn som er identisk med gardsnamnet.

Namnesak må reisast samtidig for parallellnamn på norsk, samisk og kvensk.

Den som gjer eit namnvedtak, er ansvarleg for at kunngjering av vedtaket skjer i samsvar med krava i forvaltingslova.

Med mindre anna er fastsett i lov eller i medhald av lov, gjeld reglane i forvaltningslova kapittel IV, V og VIII ikkje for saker etter lova her.

Utfyllande grunngjeving til endringsframlegga

Er samd i departementet sitt endringsforslag. Når det gjeld mine forslag til endringar (raud farge) er første endring redaksjonell.

Endringsframlegg nr. 2 og 3 er grunngeve i innleiinga i mitt høyringssvar, sjå denne.

§ 7.Gjenopning

Inga endring. Sluttar meg til det.

§ 8.Særskilde reglar om gardsnamn og bruksnamn

Inga endring. Sluttar meg til det.

§ 9.Bruk av stadnamn

Inga endring. Sluttar meg til det.

§ 10.Klage

Vedtak i medhald av §§ 3 og § 5 første ledd bokstav f kan påklagast i samsvar med forvaltingslova sitt regelverk

Andre vedtak etter denne lova kan påklagast av dei som etter § 5 første ledd bokstav a til c har rett til å ta opp saker om skrivemåten av stadnamn. Tilsvarende gjeld for vedtak om namnsetjing etter anna lov, dersom vedtaket er i strid med § 3 i lova her. Offentleg organ har berre klagerett i saker som gjeld namn dei skal bruke i tenesta. Klageretten gjeld også vedtak gjorde av kommunar og fylkeskommunar. Klage skal grunngivast. Vedtak gjorde av Kongen og Stortinget kan ikkje påklagast. Feilbruk eller manglande bruk av stadnamn etter § 9 kan påklagast til overordna departement. Klage over manglande vedtak kan påklagast til klagenemnda.

Klager på andre vedtak enn dei som er gjorde av eit departement, skal behandlast av ei klagenemnd oppnemnd av Kongen. I klagesaker av prinsipiell karakter kan klagenemnda gi Språkrådet, Sametinget og departementet høve til å uttale seg.

Departement som gjer vedtak om skrivemåte, har plikt til å ta saka opp til ny avgjerd etter klage. Departementet skal i slike saker innhente tilråding frå klagenemnda.

For førebuinga av ei klagesak gjeld saksbehandlingsreglane i § 6 tilsvarende. Elles gjeld reglane i forvaltningsloven kapittel VI.

§11.Stadnamnkonsulentar

§ 12.Stadnamnregister

Dagens reglar er gode, men utøvande praksis bør endrast. I dag skal den som gjer vedtak melde dette til Kartverket som så oppdaterer registeret. Praksisen bør endrast til at den som gjer vedtak oppdaterer registeret. Det vil sikre at registeret er i samsvar med vedtaket og det reduserer ressursbruken.

§§ 13 og 14

Inga endring.

Administrative og økonomiske konsekvensar av mine forslag

1. Kunngjeringskostnadene vert plassert i samsvar med forvaltingslova sitt regelverksbruk fell ve
2. Kartverket får redusert sine kostnader
3. Oppdateringa av SSR vert automatisert, mindre feil og redusert ressursbruk
4. Ressursbruk fell vekk som følge av bortfall av saker (§ 5 bokstav h)
5. Adressenamnsaker vil krevje langt mindre tid og samfunnet vil tidlegare kunne hauste nytten av velfungerande adressesystem
6. Kommunane får auka ansvar og makt i forvalting av lova. Forslaga vil neppe føre til auka kostnader for kommunane, mest truleg ei kostnadssparing
7. Truleg vil det verte auka etterspurnad på tenestene til Stadnamntenesta med tilhøyrande kostnadsauke for denne
8. Truleg vil fylkesmannen få auka kostnader til klagehandsaming, mens kostnadene til Klagenemnda til stadnamnlova går ned pga. redusert klagemengde

Sluttmerknader

Dagens stadnamnlov er overmoden for ein gjennomgripande revisjon. Departementet sitt høyringsutkast er berre eitt gledeleg stykke på den revisjonen ein bør få. Eg vonar mine innspel og andre innspel, som kjem i høyringsprosessen medverkar til at landet får ei velfungerande stadnamnlov i tråd med dagens § 1 i lova.

Eg ønskjer departementet til lykke i det vidare revisjonsarbeidet.

Mjøkeråen den 14.12.2018



Torbjørn Trageton